

PLANSTRATEGI

2020-2024

Høyanger
kommune

Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Føremålet med planstrategien	3
2.1	Dei ulike plantypane	3
	Kommuneplan	3
	Handlings- og økonomiplan	4
	Kommunedelplan	4
	Reguleringsplan	4
	Temaplan	5
	Handlingsplan	5
	Strategi	5
3.	Overordna føringar	5
3.1	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	5
3.2	Berekraftig utvikling og FN sine berekraftsmål	5
4.	Kunnskapsgrunnlag - statistikk og utviklingstrekk	6
4.1	Befolkningsstruktur og befolkningsutvikling	7
4.2	Alderssamansetning	7
4.3	Befolkningsframskriving	8
4.4	Sysselsettingsutvikling	9
4.5	Arbeidsstraumane inn og ut av kommunen	9
4.6	Utvikling utpendlarar fordelt på næring	9
4.7	Utvikling heilt arbeidsledige fordelt på kjønn	9
5.	Planbehov i Høyanger kommune	10
5.1	Sentrale utviklingstrekk og utfordringar på kommunalt nivå	10
5.2	Utfordringar på regionalt nivå	10
5.3	Behov for revisjon av kommuneplan	11
5.4	Andre planbehov	11
5.5	Lovpålagte planoppgåver	11
6.	Tabelloversikt over planar	12

02.02.2021

Utarbeidd av: arealplanleggjar Janne Kristin Bøyum, Plan og forvaltning

1. Innleiing

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan der det vedtakast mål og strategiar, men eit styringsverktøy der kommunen prioriterer kva planoppgåver som skal settast i gong i denne kommunestyreperioden. Formålet er å styrke den politiske styringa av kva planoppgåver som skal utarbeidast, og å sikre at kommunen sitt planarbeid ikkje vert meir omfattande enn naudsynt.

Gjennom vedtak av planstrategien må kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien kan også nyttast til å vurdere kommunen sitt plansystem, og sjå heilskapleg på kommunen sine planressursar og det samla planbehovet. Brukt på riktig måte vil planstrategien bidra til større forutsigbarheit og sterkare samankoppling av dei ulike plandokumenta i kommunen. Prioriteringane i planstrategien syner kva planoppgåver kommunen skal bruke politiske og administrative ressursar på.


For å kunne vurdere planbehovet må viktige utviklingstrendar og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon være kjend. Det er utarbeida eit kunnskapsgrunnlag som inneheld tal og fakta for eit breitt spekter av samfunnstema og gir ein oversikt over dei mest sentrale utviklingstrekkja. Målet er at dette skal bidra til ei felles forståing av nå-situasjonen og framtidige behov i kommunen. Det er alltid utfordrande å presentere eit samla kunnskapsgrunnlag med oppdatert statistikk og data. Dette er særleg utfordrande i år på grunn av den pågåande korona-pandemien. Dei langsiktige konsekvensane av pandemien er ukjende og vil påverke utfordringsbiletet i tida framover.

Tal og statistikk må tolkast i lys av meir kvalitativ kunnskap om lokale forhold og faktorar som ikkje kan målast ved hjelp av statistikk. Det har ikkje vore rom for direkte medverking frå innbyggjarar i arbeidet med planstrategien. Gjennom planarbeid, prosjekt og tenesteutvikling leggast det likevel til rette for medverking i ulik grad og form. Kunnskapen som kommunen opparbeider seg gjennom desse prosessane, er med i vurderingane som er gjort i planstrategien. Undervegs i utarbeiding av planstrategien, er planen teke opp i dei ulike utvala i kommunen for medverknad og innspel. Dette er viktige innspel til det heilskaplege utfordringsbiletet.

Regjeringa er tydeleg på at FN sine berekraftsmål skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Måla får fram korleis sosiale, økonomiske og miljømessige dimensjonar ved bærekraft påverkar kvarandre, og syner behovet for ei heilskapleg tilnærming til utviklingsspørsmål. Hovudutfordringane som presenterast i planstrategien speglar dette og syner eit utfordringsbilete på tvers av fag og sektorar.

2. Føremålet med planstrategien

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan i seg sjølv, men ei oversikt over kva planar som skal prioriterast i neste 4-års periode. Kommunen er plikta til jamfør § 10-1 i Plan- og bygningslova å utarbeide og vedta ein planstrategi. Denne skal drøfte kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, her også langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorens si verksamheit og ei vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden. Det skal av kommunestyret takast stilling til om heile eller delar av kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast utan endringar. Vidare skal det takast stilling til om det er andre nye arealplanar og temaplanar skal settast i gong, og om gjeldande planar skal reviderast eller opphevast. Opplistinga av planar i kapittel 6 gjev ei tydeleg oversikt over prioritert.



Figur 1 Oversikt over kor planstrategien ligg i høve til kommunale planar si organisering.

2.1 Dei ulike plantypane

Kommuneplan

Kommuneplanen er det øvste styringsdokumentet i kommunen og kommunen sin viktigaste overordna plan. Den gjev langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet som heilskap og forvaltninga av arealressursane i eit 10-12 års perspektiv. Den består av ein samfunnsdel, ein arealdel og kommunen sin fireårige handlingsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin viktigaste overordna, strategiske og samordna plan. Den har ei viktig rolle som verktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling,

strategisk styring, politisk styring og medverknad. Samfunnsdelen skal peike på ynskt utvikling, og kva mogelegheiter og utfordringar vi står overfor. Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Den skal sikre at arealbruken i heile kommunen bidrar til å nå/byggjer opp under mål og strategiar i samfunnsdelen.

Handlings- og økonomiplan

Kommuneplanen sin handlingsdel er ein plan for gjennomføring av kommuneplanens samfunnsdel, og skal vise kva kommunen skal prioritere dei neste 4 åra. Økonomiplanen er også 4-årig og skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Ein samla handlings- og økonomiplan vil vise korleis dei ulike sektorane skal følgje opp kommuneplanen.

Kommunedelplan

Kommunedelplanar vert utarbeidd for bestemte område (areal) eller tema. Dei skal følgje opp utvalte mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisere arealbruken for eit avgrensa geografisk område. Dei har same juridiske status som kommuneplanen og det er krav om å følgje plan- og bygningslova sine føresegner om planprogram og planprosess. Det er i tillegg krav om å ha ein handlingsplan med årleg rullering.

Reguleringsplan

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegner om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Alle forslag til planar etter lova skal ved offentleg ettersyn ha ei planskildring som skildrar planen sitt føremål, hovudinhald og verknader, samt planen sitt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering.

Områderegulering er ein communal reguleringsplan som vert brukt der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen finn at det er behov for å gje meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken. Dette er nyttig når det er behov for å fastsetje overordna strukturar i område, som vert bygt ut gjennom små, private detaljreguleringsplanar. Områderegulering vert utarbeidd av kommunen, gjerne i samarbeid med private aktørar.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekt. Både kommunen og private kan utarbeide detaljregulering, men dette vert som oftast utarbeidd av private aktørar.

Temaplan

Temaplanar inneheld meir detaljert planlegging for eit avgrensa fagområde eller ein eller fleire sektorar, eller følgjer opp og utdjupar overordna mål og satsingar i kommuneplanen. Temaplanar følgjer ikkje prosesskrava i plan- og bygningslova. Temaplanar skal innehald mål og tiltak innanfor satsingsområdet.

Handlingsplan

Handlingsplan er definert som ein plan som berre omhandlar tiltak for oppfølging av ein vedteken strategi eller plan, eller deler av desse.

Strategi

Strategi skil seg ut frå plan ved at den ikkje har tiltak. Strategiane vil normalt vere meir overordna enn temaplanar fordi dei ikkje utviklar tiltak, og skal vise retning for ynskt utvikling.

3. Overordna føringer

3.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Forventningane skal fremme ei berekraftig utvikling, og følgast opp i kommunale og regionale planstrategiar og planar. I dokumentet legg regjeringa vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Det leggast vekt på å styrke kommunen si rolle som samfunnsutviklar og at kommunal planlegging er eit sentralt verktøy for å utøve denne rolla. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast for å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga og for å gjere planlegginga meir forutsigbar. Planane må følgast opp i økonomiplanlegginga.

Dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 finn du her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>

3.2 Berekraftig utvikling og FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål, og er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Eit av hovudprinsippa er at ingen skal utelatast og at det difor er dei mest sårbare menneska som

må prioriterast. Regjeringa seier at FN sine berekraftsmål skal være det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid største utfordringar og måla skal være del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Dei 17 berekraftsmåla heng tett saman og får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjoner ved berekraft påverkar kvarandre. Alle deler av samfunnet må bidra for å nå måla, og det er behov for en heilskapleg tilnærming på tvers av fag og sektorer. Høyanger kommune skal legge berekraftig utvikling og FN sine berekraftsmål til grunn for si planlegging og verksomheit. Dette må innarbeidast og tydeleggjerast i kommuneplanen sin samfunnsdel. Ved revidering av samfunnsdelen må det gjennomførast prosessar for å forankre arbeidet, sjå berekraftsmåla i en lokal samanheng og finne ut korleis Høyanger kommune skal arbeide systematisk for å bidra til å nå berekraftsmåla.



Figur 2 FN sine 17 hovedmål.


4. Kunnskapsgrunnlag - statistikk og utviklingstrekk

Samfunnsanalyse utført av BDO for Høyanger kommune/HNU med folketall, sysselsetting, pendling. Negativ folketalsutvikling på -3,6% nedgang sidan 2010, nedgang på 155 innbyggjarar. Størst nedgang frå 2017 til 2019, men ein oppgang fram mot 2020. Høyanger har nedgang tross 110 nye innbyggjarar frå Nessane. 455 fleire innbyggjarar i 2020 enn sidan førre planstrategi, tilsvarande auke på 0,4%. Nedgang på 7% i grunnkrets Høyanger siste 10 år tilsvarande 150 innbyggjarar. Stor nedgang også i Vadheim på 59 personar.

Netto utflytting i nesten heile perioden. Innvandring viktig for folketalsutvikling, men har bremsa opp og det fører til nedgang i folketalet.

4.1 Befolkningsstruktur og befolkningsutvikling


Varierande flyttemønster dei siste 10 år. Mangel på innvandring dei siste åra har ført til større netto utflytting. Utvandring er stabil i heile perioden og ein ser størst utflytting i perioden 2015-17.



Figur 3

4.2 Alderssamansettning


Aldersgruppa 20-39 utgjer 21% av innbyggjarane i kommunen. Ei aldrande befolkning, men vekst i aldersgruppa 20-29 år. Likevel ei negativ utvikling blant yngre.



Figur 4 Flest menn i aldersgruppa 20-29 år og vekst på omlag 20 % sidan 2010.

Utvikling innbyggere i Høyanger kommune i aldersgruppe 20 - 29 år


(tal per 01.01)



Figur 5 For aldersgruppa 30-39 år er det ein nedgang på omlag 17,5 % sidan 2010. Jamn fordeling mellom kvinner og menn.


4.3 Befolkningsframskrivning

Det er ikkje komme statistikk for framskrivningar for kommunen etter at Nessane vart ein del av Høyanger. I grafen er difor Nessane inkludert med folketal per 01.01.2020 for alle målepunkta.



4.4 Sysselsettingsutvikling

Det er 217 fleire som er i arbeid som bur i Høyanger enn arbeidsplassar i Høyanger pr. 31.12.2019.



Figur 6 Reduksjon i arbeidsplassar i Høyanger sidan 2010, tilsvavar 105 personar eller 28% av sysselsette over 54 år.


Utpendling
532

Basis
1.366

Innpending
315

4.5 Arbeidsstraumane inn og ut av kommunen

Stabil utpendling og aukande inn-pendling siste åra frå Sunnfjord, Hyllestad og Sogndal. Det er lest menn som pendlar inn og ut av kommunen. Når det gjeld innpendling så ser ein 5% auke i til sekundærnæringane og eit ein har ein reduksjon -15% til Helse- og sosialtenester.



4.6 Utvikling utpendlarar fordelt på næring

Av utpendlarane er sysselsett i sekundærnæringane 42%. Auke i utpendling til sekundærnæringane (jordbruk og industri) er 7.7%.

4.7 Utvikling heilt arbeidsledige fordelt på kjønn

Låge tal for arbeidsledige. Ved utgangen av 2019 1,6%, der størst svingingar blant menn.

5. Planbehov i Høyanger kommune

5.1 Sentrale utviklingstrekk og utfordringar på kommunalt nivå

Sentrale utviklingstrekk og utfordringar som har konsekvens for korleis vi vurderer planbehovet:

- Folketalsveksten går ned: Over tid har vi hatt ei negativ innanlandsk nettoinnflytting, og innvandringa frå utlandet går ned. Vi må styrke attraktiviteten og sikre at det er godt å bu, besøke og drive næring i Høyanger kommune.
- Endra alderssamsetnad: fleire eldre, færre yngre (0-19 år) og færre i yrkesaktiv alder.
- Næringslivet har potensiale for vekst, men det blir ei utfordring å få tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse.
- Klima- og miljøutfordringar – vi må sjå klimaendringar, klimagassreduksjon, klimatilpassing og berekraftig utvikling i samanheng.
- Auka globalisering, urbanisering og digitalisering
- Auka forventningar til kommunane – særleg innan områda omsorg, skule, næringsutvikling (industri og turisme) og stadutvikling.
- Ein pressa kommuneøkonomi som avgrensar både kva vi kan investere i, men også kvar ressursane skal prioriterast.
- Vi må bidra til sosialt berekraftige samfunn – korleis ivareta dette i planarbeidet vårt?
- Høyanger kommune ligg midt i Sogn med fjord og fjell – kva rolle skal vi ha i Vestland fylke?

5.2 Utfordringar på regionalt nivå

Regional planstrategi : «Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024» skisserer følgjande utfordringar for fylket og regionane:

- Klimaomstilling: redusere klimagassutslepp og tilpasse busetnad og infrastruktur i høve fare for ekstremvèr
- Balansert areal- og naturressursbruk: sikre eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster
- Gode transportsamband og smart mobilitet: oppretthalde god standard på fylkesvegar, betre interne transportsamband, trygge skulevegar, godt utbygd kollektivtilbod og auke attraktivitet til sykkel, gange og kollektiv
- Grøn konkurranseskraft: innrette oss meir mot sirkulærøkonomi og bioøkonomi
- Digitalisering av samfunnet: korleis nytte teknologien slik at næringsliv, det offentlege og privatpersonar i heile fylket har like høve til å ta del i denne utviklinga.

- Relevant kompetanse og kunnskap: sikre betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning, sikre påfyll av kompetanse.
- Attraktive stadar og gode nærmiljø: aktiv bustadpolitikk for å sikre eit inkluderande og aldersvenleg samfunn, universell utforming og gode møteplassar.
- Eit fornyande, profesjonell og frivillig kulturliv: sikre godt samarbeid mellom frivillige, profesjonelle og det offentlege.
- Eit likeverdig samfunn: aukande ulikskap og fleire born i familiær med vedvarande låg inntekt. Vi må trygge sysselsettinga, redusere økonomisk ulikskap, redusere den sosiale effekten av økonomiske skilnader og førebyggje utanforskaps.
- Ungdom, trivsel og tilhøyre: vi må styrke den lokale tilhøyra til ungdom gjennom satsing på ungdomskultur, tilgang på utdanning og bustad.

5.3 Behov for revisjon av kommuneplan

Planstrategien skal ta stilling til behov for revisjon av kommuneplanen. Gjeldande samfunnsdel av kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret i januar 2013, og det har vore gjort arbeid med ny samfunnsdel i 2019. Denne er ikkje ferdig utarbeida og har ikkje vore på høyring. Arealdelen til kommuneplanen er også utgått, vedteken februar 2016.

Planstrategien legg opp til at begge desse må prioriterast i denne perioden, og arbeidet krev tverrfagleg medverking.

5.4 Andre planbehov

Nye hovudplanar for veg og avløp er naudsynt å få på plass. For å fortsette ei god stadutvikling vert to nye reguleringsplanar starta denne perioden, ved Gamle Vaimbley i Vadheim og Nedre Sæbø i Høyanger.

5.5 Lovpålagte planoppgåver

Det er tre lovopplagte oppgåver som alle kommunar skal ivareta i kvar valperiode:

- Alkoholpolitisk handlingsplan (alkohollova)
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse med plan for oppfølging (sivilforsvarslova)
- Overordna beredskapsplan (sivilforsvarslova)

I tillegg er det eit vilkår knytt til tildeling av spelemidlar at anlegga det vert søkt midlar til, er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

6. Tabelloversikt over planar

Kommuneplanar	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Samfunnsdel		Rådmannen/ Plan og forvaltning	X	2013
Arealdel		Plan og forvaltning	X	2016

Kommunedelplanar	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2026		Kultur og folkehelse		2015
Trafikktryggleik 2014-2025		Plan og utvikling	X	2014
Klima og miljø	X	Plan og utvikling		

Reguleringsplanar	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Sæbøtangen	X	Plan og utvikling		
Gamle Vaimbley	X	Plan og utvikling		
Næringsområde Søreide	X	Plan og utvikling		
Bustadfelt Tronvik sør	X	Plan og utvikling		
Bustadfelt Ortnevik	X	Plan og utvikling		
Kraftanlegg/trappene K1	X	Plan og utvikling		

Strategiplanar	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Strategiplan helse og omsorg*	X	Helse og omsorg		Inkluderer tidlegare planar
Plan for habilitering		Helse og omsorg	X	2012
Plan for rehabilitering		Helse og omsorg	X	2012
Hovudplan avløp	X	Drift og vedlikehald		
Hovudplan veg	X	Drift og vedlikehald		
Bustadpolitisk handlingsplan		Plan og forvaltning		2020
Strategiplan for oppvekst		Oppvekst	X	2017
Tidleg innsats og tilpassa opplæring 2016-2020		Oppvekst	X	2016
Kulturminneplan		Kultur og folkehelse	X	2016
Verdiskapingsplan 2016-2020		HNU	X	2016

Temoplanar og handlingsplanar	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Rusplan		Helse og omsorg	X	Utgår – inkluderes i Strategiplan helse og omsorg
Vold i nære relasjoner		Helse og omsorg	X	Utgår – inkluderes i Strategiplan helse og omsorg
Temoplan for psykisk helse		Helse og omsorg	X	Utgår – inkluderes i Strategiplan helse og omsorg

Demensplan		Helse og omsorg	X	Utgår – inkluderes i Strategiplan helse og omsorg
Vedlikehaldsplan for kommunale bygg		Drift og vedlikehald		2016
Folkehelseoversiktssdokument		Kultur og folkehelse	X	2018
Kompetanseplan 2020-2024 for barnehagar og skular		Oppvekst		2020
Barnehageplan 2018-2022		Oppvekst	X	2018
Kommunal plan for kompetanseheving	X	Personalavdeling		
Arkivplan		Personalavdeling	X	2000

Krise- og beredskapsplanar	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Beredskapsplan		Rådmann	X	2021
Heilskapleg ROS-analyse		Rådmann	X	2019
Plan for oppfølging av heilskapleg ROS-analyse		Rådmann	X	2021
Smittevern -og pandemiplan (tuberkulose)		Smittevernlege / kommunelege	X	2020
Plan for helsemessig og sosial beredskap		Helse og omsorg	X	2012

Økonomiplan	Ny	Ansvar	Revisjon	Vedtatt/ sist revidert
Økonomiplan		Rådmann	X	2020

* Strategiplan helse og omsorg er ny, og skal inkludere tidlegare planar som Rusplan, Vold i nære relasjoner, Temoplan for psykisk helse og Demensplan. Denne planen bør sei noko om brukarmedverknad i denne.